



Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygginvegen 1989 2940 Heggenes

Ole Johnny Libråten
Tyrihjellveien 86
1960 Løken

Delegert Sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

ROGTOR - 26/9380

Arkiv:

53/1/160/0, L42

Vår dato:

18.08.2026

Saksnr.	Utval
234/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
206/26	Kommunestyret

53/1/160/0 - Tillatelse til tiltak - Tilbygg fritidsbustad

Tiltak: Tilbygg fritidsbustad
Byggjestad: Gbnr: 53/1
Tiltakshavar: Ole Johnny Libråten
Tyrihjellveien 86
1960 Løken

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningsloven §20-4, jf. § 20-1, samt kommunalt delegasjonsreglement godkjenner kommunedirektøren v/leiar næring, plan og byggesak oppføring av tilbygg på gnr. 53, bnr. 1, fnr. 160, Synhauglie 49, i samband med søknad og vedlegg.

Følgjande vilkår ligg til grunn for vedtaket:

1. Avfall frå byggearbeidet skal leverast til godkjent mottak. Det er ikkje lov å brenne avfall på eigedomen.
2. Tilbygget skal ha så lik stil som mogleg med hovudbygget og skal påførast like fargar.
3. Vilkåra sett i vedtaket frå Statskog i brev 06.07.2026 skal verte følgd.
4. Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest. Tilbygget er ikkje lov å ta i bruk før det føreligg mellombels bruksløyve eller ferdigattest. Det vert ikkje gjeve ferdigattest eller mellombels bruksløyve før det er rekvidert oppmåling for eigedomen.
5. Ole Johnny Libråten vert registrert som ansvarleg for tiltaket.
6. Privatrettslege tilhøve er ikkje vurdert.

Saksopplysningar

Tiltakshavar sendte inn søknad om tiltak utan ansvarsrett.

Søknaden syner oppføring av tilbygg til eksisterande fritidsbustad på gnr. 53, bnr. 1, fnr. 160, Synhauglie 49.

Eigedomen er i dag registrert som punktfeste og har arealføremål fritidsbebyggelse og er styrt av føringane i Arealdelen til Kommuneplan 2026-2038.

Søknaden syner eit tilbygg på noverande fritidseigedom. Denne vil vere som ei forlenging av eksisterande tak og ha eit BYA (bebygd areal) på 24m².

Eigedomen består i dag av ein fritidsbustad og ein bod/uthus/anneks.

Arealrekneskapen blir:

Tomt:	1000m ²
Fritidsbustad:	80m ²
Uthus/anneks:	15m ²
Biloppstilling:	36m ²
Tilbygg:	24m ²

Sum BYA etter tiltak: 155m²

Det er og gitt mellombels utsleppsløyve for eigedomen, denne er datert: 22.07.2026.

Statskog har i samband med behandlinga av utsleppsløyve gjort vedtak med vilkår. Dette vedtaket er vedlagt søknaden.

Vurdering

Tiltaket er innanfor rammene av å kunne utførast som tiltak etter plan- og bygningsloven §20-4 tiltak utan ansvarsrett.

Føringane i Arealdelen til Kommuneplan seier at byggeområde mellom 938 og 1250m² kan ha ei utnytting på 16% BYA. Ingen enkeltbygg over 140m².

I totalen av utnyttinga skal det inngå biloppstilling på 36m².

Arealrekneskapen syner at arealutnyttinga etter tilbygget er innanfor føringane i Arealdelen til Kommuneplan 2026-2038.

Eigedomen er styrt av føringane i kapittel 15 i kommuneplanens arealdel (Sikring av miljøtilstand i vassdrag). Det er frå før gitt mellombels utsleppsløyve til eigedomen, datert: 22.07.2026, og det er her gjort vurdering av forholda sett opp mot nedbørsfeltet til Heggefjorden – Sæbufjorden og vassforskrifta. Dette er dermed vurdert som ivaretake, og treng ikkje ytterlegare vurderingar i byggesaka.

Statskog har i samband med behandlinga av utsleppsløyve for etablering av avlaupsanlegg gjort vedtak med fleire vilkår. Vi legg til grunn i vår behandling at desse vilkåra skal verte følgd.

Det skal rekvirerast oppmåling for eigedomen og tiltaket vil ikkje få mellombels bruksløyve eller ferdigattest før dette er dokumentert.

Tiltaket er nabovarsla utan merknadar og det er føretake DOK-analyse av eigedomen utan treff av betydning.

Teikningsdokumentasjon

Løyvet er basert på teikningar med journaldato 25.05.2026.

Føresetnader med heimel i lovverket

1. Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.
2. Bygningen/ tiltaket må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
3. Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl § 23-2.
4. Det er tiltakshavar sitt ansvar å sjå til at bygget blir oppført i tråd med føresegn i plan- og bygningsloven med tilhøyrande teknisk forskrift og dimensjoneringsstandardar.
5. Mindre endringar undervegs må normalt avklarast med kommunen på førehand. Om tiltaket inneheld korreksjonar ut frå godkjente teikningar, så må desse visast fram ved søknad om ferdigattest.
6. Ingen bygning eller anlegg kan takast i bruk utan at det ligg føre anten midlertidig bruksløyve eller ferdigattest frå kommunen, jf. pbl § 21-10.

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova.

Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar.

Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Tore Rogne
Saksbehandler bygg

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.

Kopi til:
Statskog SF